


~~BORT~~  
KASTA

~~BORT~~  
KASTA

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS /  
firmapost@reinhaldsverket.no  
Tlf: 70 00 70 50 Kontortid: 07.30-15.30  
(stengt 12.00-12.30 grunna lunsjpause)  
**reinhaldsverket.no**





# Det er ikkje bortkasta!

Vi brukar og kastar i høgt tempo, og mykje av det vi kjøper er pakka inn i plastemballasje.


Å lage plast krev store mengder olje og gass, og ved å gjenvinne plasten som allereie er produsert, hindrar vi unødvendige klimautslepp og bruk av begrensa ressursar.

Forsøk har vist at plastemballasjen kan gjenvinnast 10 gongar og framleis halde god kvalitet. Difor er det viktig at vi ikkje kastar den i restavfallet etter berre ein gongs bruk.

Kjeldesortering er overraskande lett, og ved å kjelde-sortere plastemballasjen kan du redusere restavfallet med opp til 40 %!




# Når du sorterer sparer både du og miljøet på det



## Mindre restavfall

Restavfallet ditt vert redusert med opp til 40% ved utsortering av plastemballasje.



## Dobbel effekt

Ved å gjenvinne 1 kg plast sparer vi 2 kg olje og reduserer klimautslepp med om lag 2.7 kg CO2-ekvivalentar.



## 80% gjenvinning

80 % av den innsamla plastemballasjen blir gjenvunne til nye produkt. Resten er etikettar, samansette plastkvalitetar som ikkje kan gjenvinnast og ureinheiter.



## Lang levetid

Plast kan gjenvinnast opp til 10 gongar og ha like god kvalitet.

# Vi Sunnmøringar er rå på å spare

Difor trur vi også at vi har meir å gå på når det gjeld kjeldesortering av plastemballasje.

I gjennomsnitt forbruker kvar enkelt av oss 15 kilo plastemballasje per år. SSR-kunden kjeldesorterer i dag 7,5 kilo plastemballasje, men framleis er det 7,5 kilo verdifulle ressursar som ikkje vert nytta optimalt. Til samanlikning samla dei inn heile 8,9 kilo plastemballasje i Ørsta og Volda i 2016. Vi kan bli minst like gode, og set oss eit mål om 9 kilo i 2017!

Er du klar for ein ekstra innsats?

**Vi har ei målsetjing om å auke kjeldesortert plastavfall per innbyggjar frå 7,5 kilo i 2016 til 9 kilo i 2017! Klarer vi det?**

# Bli ein heldig sunnmøring og vinn 10.000 kr




Sjå etter konkurranse-tagge på baksida av brosjyra!

Vi ønsker å belønne dei som er flinke å kjeldesortere plastemballasjen sin og køyrer konkurranse i perioden 15. mai - 15. august!

Fyll ut taggen på baksida av brosjyren med namn og telefonnummer, og fest den på dunken din ein dag du leverer ein sekk med plastemballasje.

Vi samlar opp taggane gjennom perioden og trekk ein heldig vinnar av kr 10.000, samt fleire trøstepremiar!



## Slik deltek du i konkurransen:

1. Fyll ut tagge som du finn på bakerste side i brosjyren med namn og telefonnummer
2. Fest taggen på dunken ein dag du leverer ein sekk med sortert plastemballasje
3. Taggen blir samla inn av renovatøren og fungerer som ditt lodd til å vere med i trekninga av 10.000 kr og fleire trøstepremiar.



## Nei, vi brenn ikkje sortert plast

Nokon trur framleis at plasten som blir samla inn vert brent saman med restavfallet. Det stemmer sjølvsagt ikkje! All plastemballasje som blir samla inn av SSR blir gjenvunne gjennom Grønt Punkt Norge si returordning for plastemballasje.

# Dette gjer vi med plasten




## Sorterer plastemballasje frå papir

Etter endt rute, blir sekkane med plastemballasje sortert ut frå papp og papir på miljøstasjonen i Saunesmarka. Det er difor viktig at du nyttar dei blanke sekkane og knyt dei godt igjen med dobbel knute.



## Pressar plastemballasje i buntar før frakt

Plastemballasjen blir frakta til Norsk Gjenvinning i Ålesund. Her blir plasten pressa i buntar slik ein skal få mest mogleg plastemballasje på ei last.




## Frakt med returtransport eller tog

Det er Grønt Punkt Norge som har ansvar for returordninga, og dei nyttar Bring Logistics AS for transport av plastemballasjen. Dei er spesielt gode på å utnytte transportubalansen; det betyr at dei bruker returtransport, men prioriterer også tog framfor bil der dette er hensiktsmessig.



## Sorterer plast i ulike kvalitetar og omsmeltar

Plastemballasjen blir frakta til store sorteringsanlegg i Nord-Tyskland. Her blir plasten sortert i 5-7 ulike kvalitetar, kverna i mindre bitar, vaska, tørka og omsmelta til granulat som ein kan lage nye produkt av. Ca 80 % av plastemballasjen som blir samla inn blir til nye produkt.




## Sparar miljø trass lang reiseveg

Trass i lang reiseveg for plastemballasjen, viser den totale klimarekneskapan at vi sparer 2 kg råolje og reduserer klimautslepp med om lag 2,7 kilo CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per kilo plastemballasje som blir gjenvunne.



# Slik sorterer du



Skyl

Det meste av emballasjen er rein når den er tom. Skiten plastemballasje skyl du i kaldt vatn og gir eit sveip med oppvaskbørsten ved behov. Treng du såpe og varmt vatn gjer emballasjen betre nytte i restavfallet.



Tørk

Tørk plastemballasjen så godt som råd. Det er ofte tilstrekkeleg å leggje emballasjen til tørk på oppvaskbenken.



Oppbevar

Samle tørr og rein plastemballasje i den blanke plastsekken\* du får frå oss (du kan gjerne spare og levere fleire sekkar ved henting).



Lever


Knyt dobbel knute på sekken og set ut ved henting. Legg sekken i papirdunken eller plasser den mellom dunkane. Du kan også nytte produktet "Lett på kroken" og hekte sekken på kroken.

## \*Kvifor må du bruke dei blanke sekkane?

1. Renovatøren ser kva som er i sekken slik at ikkje forureina plast og anna type avfall kjem med.
2. Sekkane er perforerte med små hol slik at ikkje sekken med plastemballasje sprekk i komprimatorbilen. Då blir ikkje plastemballasjen blanda med papir og papp som blir samla inn i same bil.

# Kva er egentleg plastemballasje?

I ordninga med utsortering av plastemballasje, er det kun emballasjen, altså vara si originalinnpakning, som skal leverast inn. Andre produkt av plast er ikkje omfatta av ordninga, og skal ikkje leverast som plastemballasje.



## Dette går i sekken

- Plastfolie
- Plastbeger
- Plastflasker utan pant
- Blomsterpotter i plast
- Sjampoflasker
- Potetgullposar
- ...og mykje meir!



## Dette går ikkje i sekken

- Plastleiker
- Plastslangar
- Plastbøtter- og kar
- Kjøkenreiskap
- Oljekanner- og flasker
- Emballasje brukt til  
brannfarleg og giftig avfall.
- ...alt som ikkje er emballasje.



EPS/Isopor kan leverast i plastretursekken, men ikkje samantlanda med plastemballasje. La isoporen få sin eigen sekk.

# ...og kva kan det gjenvinnast til?



Kleshengar




Blomsterpotte



Rør



Kontorstol



Fleecegenser

Framleis usikker? På [www.sortere.no](http://www.sortere.no) kan du søke opp produkt du er usikker på.




# Difor må vi skylle vekk matrestane


For at plastemballasjen skal kunne gjenvinnast effektivt, må den vere rein, og helst tørr. Likevel er det så enkelt at heile familien kan hjelpe til. Mykje av plastemballasjen treng du ikkje reingjere då den i utgangspunktet er rein når den er tom. Dersom det er matrestar på plastemballasjen, så treng den ei enkel reingjering. I så fall er det best å skylle plastemballasjen i kaldt vatn. Ta eventuelt ein sveip med oppvaskbørsten. Om ein ikkje reingjer plasten, skaper det problem for gjenvinningsprosessen. Det er folk som jobbar med plastemballasjen i alle ledd. Skiten plast skaper lukt, og det kan ikkje lagast ny plast av forureiningane.

Må du til med såpe, varmt vatn og oppvaskmaskin, gjer plastemballasjen betre nytte i restavfallet.


## Nyttige tips til kjeldesortering



Lag deg eit godt system i kjøkenbenken slik sorteringsjobben blir lettast mogleg.



Slepp til borna i kjeldesorteringa. Dei lærer fort, og blir raskt ekspertar på området!



Skyl yoghurtbeger og liknande med det same. Du kan også nytte vatnet etter oppvasken til å reingjere plastemballasjen.




Ha vatn i sjampoflaske når du dusjar og bruk siste rest! Då er du både økonomisk og du har gjort emballasjen klar for gjenvinning.

# Sorter så mykje du vil - Vi tek hjarteleg i mot!

Du kan setje ut eit ubegrensa tal plastsekkar!

Vi leverer ut plastsekkar til alle husstandane på hausten. Går du tom, er det berre å ta kontakt med oss gjennom bestillings-skjema på nettsidene våre, på e-post eller telefon, og du får utlevert ny rull på neste tømedag. Du kan også hente fleire plastretursekkar på miljøstasjonane våre.



# Quiz

Besøk heimesidene våre [www.reinholdsverket.no](http://www.reinholdsverket.no) og test kunnskapane dine om kjeldesortering av plastemballasje. Denne brosjyra er eit nyttig hjelpemiddel.




## Enklare å handtere sekkar for henting

Kraftig vind kan vere ei utfordring for plastretursekken. "Lett på Kroken" er ein smart festefunksjon som tek hand om dette problemet. I tillegg til å vere deltakar-premie på quiz, kan kroken også kjøpast på alle miljøstasjonane våre for 20 kroner.




## Reduserer plastforbruket

Vil du bidra til å redusere plastforbruk, er totebag framfor plastposar eit godt alternativ. Vi har mange på lager!



**Alle som svarar rett på quizen kan velje mellom to premiar; "Lett på Kroken" eller eit fint handlenett i tøy.**





## Plast og miljø – Korleis heng det saman?

Plast er eit materiale vi nyttar til alt mogleg, og årleg forbrukar vi omlag 95 300 tonn berre i plastemballasje. I tillegg kjem alle andre plastprodukt.

Mykje av plastbruken er unødvendig. Ferdigskrella appelsiner i plastemballasje er døme på dette. Som forbrukarar kan vi gjere bevisste val når vi handlar, og velje produkt med ingen eller minst mogleg plastemballasje.

Likevel har plasten ein viktig funksjon, og årsaka til at mange varer er pakka inn i plast, er plasten si gode evne til å ta vare på og beskytte innhaldet. Maten held seg betre og lenger, og matsvinnet minkar.

Plast er eit svært haldbart materiale og kan gjenvinnast mange gongar utan å miste kvalitet. Det er difor bortkasta ressursar å ikkje gjenvinne plasten vi allereie har produsert.


Plast i naturen er diverre eit stort problem, og mange høyrde om kvalen på Sotra i Hordaland som døyde av plast i magen.

Dagleg dør fisk, fuglar og dyr av forureiningane, og plastforureining er eit av våre største miljøproblem. Fortsett utviklinga slik, vil vi ha meir plast enn fisk i havet i 2050. Det er ein situasjon ingen av oss ønskjer!

Hold Norge Rent og Noregs representant i FN på området havforsøpling, Geir Wing Gabrielsen, viser til at kjeldesortering av plastemballasje er eit viktig miljøgrep vi enkelt kan ta. Eit anna konkret tiltak er å rydde di lokale strand!

SSR tek imot strandryddeavfall gratis heile året! Hent tileigna sekkar og skjema, før du reiser ut for å rydde, på ein av våre miljøstasjonar eller på servicetorget i kommunen din.

**Mange bekkar små gjer ei stor ål**



# Opningstider

Miljøstasjonane



## **Saunesmarka:**

Mandag - torsdag kl. 10.00-17.30

Fredag kl. 08.00-15.00

## **Greinlass Eidet**

**03. april - 01. november 2017:**

Mandag - torsdag kl. 12.00-19.30

Fredag kl. 08.00-15.00

## **Mjølstadneset:**

Mandag- torsdag kl. 12.00-19.00

Fredag kl. 08.00-15.00

## **Larsnes:**

Tysdag kl. 14.00-18.00

{Laurdagsopne dagar, 2017}

## **Saunesmarka**

**(Opningstid 12.00-16.00)**

22. april, 6.mai, 20. mai, 10. juni, 24. juni,

19. august, 2. september, 16. september,

14. oktober

## **Greinlass Eidet**

**(Opningstid 12.00-16.00)**

29. april, 13. mai, 27.mai, 17. juni, 1. juli,

26. august, 9.september, 23. september,

21. oktober

## **Mjølstadneset**

**(Opningstid 12.00-16.00)**

29. april, 13. mai, 27. mai, 17. juni, 1. juli,


12. august, 26. august, 9. september,

23. september, 21. oktober.



## Vinn kr. 10.000!

Riv etter stiplalinja, og heng meg på dunken ein gong du leverer ein sekk med sortert plastemballasje. Då er du med i trekninga av 10.000 kroner!



Det er lurt å tape her, slik at taggen ikkje bles vekk



Namn:

Telefonnummer: